


PLANINITIATIV

for Buvatn (14/30 og 17/1)



Utarbeidt av: AT skog, Mona Gundersen

Datert: 17.01.2022

Ansvarlege


	AT Skog
Fagkyndig	Mona Gundersen
	mona.gundersen@atskog.no
	957 94 342
Forslagsstillar	Olav Inge Nordbø og Olav Mikkjel Eielsen
	olav.inge.nordbo@atskog.no , lege.olav.eielsen@gmail.com
Hjemmelshaver	Olav Inge Nordbø og Olav Mikkjel Eielsen

Formålet med planen (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav a)

- Grunneigarane ynskjer å utvide eksisterande hytteområde innafor dei rammer som er gitt i kommunedelplanen for Kyrkjebygdheia.
- Framtidig arealformål vil hovudsakleg vere byggjeområde for fritidsbustader, veg og friluftsfomål.


Planområdet og omgjevnadane (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav b)

- Planavgrensing og lokalisering
 - Planområdet ligg på nordsida av Buvatnet og Svinsundvatnet med avgrensing i sør langs vatn og eksisterande veg.
 - Planavgrensinga følger i stor grad avgrensinga av byggjeområde i kommunedelplanen for området, men er noko utvida i nordvest for å få til ein vegtrase som er innafor krav til stigning.
 - Planområdet vil vere på om lag 379 daa.




Bilete 1: Utsnitt frå Kommunedelplan for Kyrkjebygdeheia

- Skildring av planområdet
 - Dei nedre delane av planområdet består av område som er busett med fritidsbustader langs Svinsund vatn og Buvatn. Frå eksisterande busetting stig terrenget bratt før det flatar ut og dannar eit småkupert platå med helling mot sør/sørvest.
 - Planområde består av eigedom 14/30 i aust, eigar Olav Inge Nordbø. I vest ligg planområdet på delar av 17/1 eigd av Olav Mikkjel Eielsen.
 - Tilstøytande arealbruk er LNF areal, beståande av heiskog og opne område med bart fjell, myr og små tjenn. Område ligg lengst aust i utbyggingsområda på Kyrkjebygdeheia.



Bilete 2: Utsnitt frå Kommunekart i 3D

- Analyse av nærområdet og omgjevnadane
 - Over utsnitt frå kommunekart i 3D
 - Kartutsnitt under syner blågrønne strukturer. Kartet syner at det er dei nedre delane som har mest skog. Det kjem nokre bekkar ned gjennom området, ein i aust og tre i den vestre delen. Dei høgare liggande delane av området har og ein del skog vegetasjon i veksling med bart fjell og myrområde.




Bilete 3: Blågrønne strukturer, Kilden, nibio.no




Bilete 4: utsnitt frå Norge i Bilder

- Kart utsnitt under syner kommunikasjon, som viser adkomstveg til området som raud linje, samt stiar (raud stipla linje) og private vegar (grå linje). Adkomstvegen til området er regulert med betalingsbom.



Plansituasjon og føringer (jf. forskriftens §1, andre ledd bokstav g)



Bilete 5: forslag til planavgrensning, grå stipling syner avgrensning i kommunedelplan, raud linje syner forslag til vegtrase.

- I kommuneplanens arealdel er området avsett til byggjeområde for fritidsbustader (sjå bilete 1). Ein har strekt planområdet noe lenger nord i den vestre delen, dette er nødvendig for å kome opp lia med veg som held krava til stigning..
- Ein kjenner ikkje til andre pågåande planarbeid i området.

Kort presentasjon av prosjektet / planidéen (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav c, d og e)

Funksjonell og miljømessig kvalitet

- Reguleringsplanen tar sikte på å regulere for eit høveleg tal tomter som tek omsyn til dei naturgjevne tilhøva. Veg vil regulerast til alle tomtene med parkering på tomt. Føresegner for utforming vil ta utgangspunkt i naboplanane for å få eit likt uttrykk på heile området.
- Det planleggast for høg sanitær standard i området. Avløp koplast til kommunalt anlegg.

Tiltakets verknad på, og tilpassing til, landskap og omgjevnader (jf. forskriftens §1, andre ledd bokstav b og f)

- Ein vil søke å finne plasseringar av vegar og tomter som tilpassar seg landskapet for å gjere behovet for terrenginngrep minst mogleg. For å dempe uttrykket vil vegetasjon i område bli søkt ivareteke for å skjerme for innsyn.
- Område vil falle naturleg saman med eksisterande utbygging i området og sikre areal for løyper og friluftsmål i tillegg til utbyggingsmål.
- Området er i tråd med overordna plan og konsekvensutgreia i den og ein ser ikkje ytterlegare behov for konsekvensutgreingar i området.

Samfunnssikkerheit (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav i)

Er det spesielle utfordringar i forhold til samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit?

Overvann og flaum	Ja
Snoskred	Ja
Verksemder med fare for brann og eksplosjonsfare, samt utslepp	Nei
Forureining (støy og luft)	Nei
Forureining i grunnen	Nei
Tilkomst for utrykkingskøyretøy	Nei
Trafikksikkerheit	Nei

Vurdering i forhold til om tiltaket er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav l)

- Kommunedelplan for Kyrkjebygdheia er frå 2017 og området er konsekvensutgreia der og ein ser ikkje behov for ytterlegare utgreiingar.

Planprosessen og samarbeid / medverking (jf. forskriftas §1, andre ledd bokstav h, j og k)

- Ein ser for seg å varsle næraste eigedomar og hyttevevforening i nærområdet, i tillegg til desse offentlege etatane.

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark
Vestfold og Telemark fylkeskommune
NVE region sør
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Telemark
VTK

- Om det dukkar opp behov for ytterlegare samhandling vil ein vurdere dette undervegs i prosessen.